

Regler for bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet

Innleiing

Dette skrevet gir reglane for utføring av bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet, jamfør «[forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger](#)».

Visar i tillegg til skrevet «Vegvisar for bachelor- og masteroppgåva» som gir utfyllande informasjon om reglane, oppstart, gjennomføring og innlevering av oppgåva.

Fristar

Bacheloroppgave på 10 studiepoeng (gjelder kun lektorstudiet)

- **Innan 1. desember:** studentar søker på eller registrerer egne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. desember:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 10. januar:** fakultetet sender ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 15. januar:** studentar signerer kontrakt i samarbeidsportalen
- **15. januar:** offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** frist for eksamensoppmelding
- **1. april:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. mai:** innleveringsfrist
- **Innan 3 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

Bacheloroppgåve på 20 studiepoeng

- **Innan 1. desember:** studentar søker på eller registrerer egne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. desember:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 10. januar:** fakultetet sender ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 15. januar:** studentar signerer kontrakt i samarbeidsportalen
- **15. januar:** offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** frist for eksamensoppmelding
- **april:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. mai:** innleveringsfrist
- **Innan 4 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

Studiepoengkrav for oppstart

10 og 20 studiepoengsoppgåve

Kravet for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 100 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan, samt ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 1. november

Vedtatt av dekan, Øystein Lund Bø,

Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet

15. september 2023

Utfyllande informasjon om oppgaveskriving

Inntil tre studentar kan samarbeida om ei bacheloroppgåve. Kvar student må signere sin eigen kontrakt, også dei som skriv oppgåva i ei gruppe.

Ein kandidat har som hovudregel berre eit forsøk på oppgåva. Det kan søkast om eit andre gongs forsøk ref. "forskrift om studier og eksamen ved universitetet i Stavanger" §3-10 punkt 4.

Ein søknad i hen hald til punkt 4 b, er søknadsfristen 2 ukar etter karakteren er publisert. Fakultetet kan gje student(ane) inntil ein månad på å omarbeida oppgåva.

Utsett innleveringsfrist

Studentar kan søkja om utsett innleveringsfrist ved gyldig fråvær. Se "forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger" §3-12. Studentar på utveksling som har siste eksamen etter dato for oppstart av oppgaveskriving, kan søkja om utsett innleveringsfrist tilsvarande tida mista.

Bandlegging av oppgåva

Oppgåva skal som hovudregel vere open, men kan etter søknad bandleggast (utsett publisering) i maksimalt 5 år. Studentar må avklare og eventuelt søke om bandlegging allereie ved oppstart av oppgåva.

Siste frist for å sende inn ein slik avtale er 1. mai. Du søker ved å senda "[Avtale om bandlegging](#)" saman med ein grunngjeven søknad frå bedrifta på e-post til post-tn@uis.no. Det er berre denne avtalen som skal brukast.

Oppgaveskriving utanom ordinær periode

Dersom ein har behov for å endre periode for gjennomføring av oppgaveskriving til haustsemesteret, er det mogleg å søkje om dette ved å senda inn «søknad om endring av utdanningsplan ved UiS» via Digital Studentekspedisjon. Merk at du sjølv er ansvarleg for å finne oppgåve og fagleg ansvarleg. Søknadsfristen er **15. juni**.

Merk at: Kravet for oppstart av oppgaveskriving er at studenten må ha bestått minimum 130 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan, samt ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 15. Juni

Saman med ein slik søknad, må det også vedleggast eit dokument med følgjande:

- Årsak for ønske om endring av periode
- Bekreftelse frå fagleg ansvarleg
- Tema/tittel for oppgåva

Frist for oppgaveskriving utanom ordinær periode

- **Innan 20. juni:** registrert oppgåve i samarbeidsportalen
- **15. august:** offisiell oppstart av oppgaveskriving
- **1. november** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **15. desember:** innleveringsfrist

Vedtatt av dekan, Øystein Lund Bø,

Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet

15. september 2023